



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOWNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
09/2134-2
Dykkar ref.

Dato
07.09.2009

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Handlingsprogram fylkesvegnettet 2010-2019 - fråsegn

Vi viser til høyringsframlegg til handlingsprogram for fylkesvegnettet. Sogn regionråd som er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal har følgjande fråsegn:

Sogn regionråd definerer dei åtte kommunane som ein arbeids-, bustad- og serviceregion, og eit av våre satsingsområde i regionalplanen til rådet er felles bu- og arbeidsmarknad. Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur i heile regionen, og vårt mål er å utbetra kommunikasjonane i regionen på veg og fjord slik at reisetida til regionsenteret er maks 1 time.

For å nå denne målsettinga prioritærer Sogn regionråd vegutbetring for strekningane Dragsvik-Balestrand og Vik-Vangsnes/Hella- Leikanger i regionrådet sin tiltaksplan. Vidare er forbetring av kollektivtilbodet med pendlarbuss Gaupne-Leikanger og Årdal/Lærdal-Leikanger og auka ferjefrekvens Dragsvik-Hella-Vangsnes prioritert tiltak for regionrådet.

Vegutbetring

Strekningane Dragsvik – Balestrand er viktige for pendling på strekninga Balestrand - Leikanger - Sogndal. Strekninga er rasfarlege. Vegstengingane gjev pendlarane lengre reisetid og utsett pendlarane for risiko, særleg på vinterstid. Dei rasfarlege områda må sikrast for å gje tryggare veg. Vegane er smale og har dårlig standard, og det er behov for breiddeutviding, asfaltering og sikring. Sogn regionråd ber om at riksveg 55 Dragsvik-Balestrand vert teken inn i handlingsprogrammet med følgjande tiltak: Rassikring, breiddeutviding, asfaltering og sikring.

Regionrådet vil vidare be om at flyplassvegen til Haukåsen vert prioritert for utbetringar snarast, då denne vegen er viktig for tilbodet som flyplassen på Haukåsen representerar.

Kollektivtilbod

Hyppige ferjeavgangar er viktig for å innbyggjarar i ein felles bu- og arbeidsmarknad. Sogn regionråd meiner halvtimes avgangar på dagtid og nattferjer for sambandet Dragsvik-Hella-Vangsnes vil gje eit tilbod som er meir tilpassa pendlarane og næringslivet sine behov. Sogn regionråd ber om at auka ferjefrekvens vert teken inn i handlingsprogrammet.

Regionrådet vil elles vise til dei prioriteringane som kvar einskild kommune har gitt i høve høyringsuttalen.

Med helsing

Jarle Aarvoll
Leiar av Sogn regionråd

Vedlegg:

Kopi til: